Universitetet i Bergen
Det medisinsk-odontologiske fakultet

Styresak: 42/14

Sak nr.: 2014/4743

Møte: 21.5.2014

Utlysning - forskerlinjeleder (professor/førsteamanuensis) (60-100 %) ved Det medisinsk-odontologiske fakultet

Ved forskerlinjen ved Det medisinsk-odontologiske fakultet er det ledig en fast 60-100 % stilling som forskerlinjeleder (professor/førsteamanuensis). Stillingen er ledig i forbindelse med at Marit Grønning har sagt opp sin 100 % stilling som forskerlinjeleder (professor) med virkning fra 23.6.2014.

Stillingen blir lyst ut som en 60 -100 % stilling som professor/førsteamanuensis der minimum 60 % av stillingen er som leder av forskerlinjen ved Det medisinsk-odontologiske fakultet. Resterende del av stillingen vil være som professor/førsteamanuensis knyttet til det instituttet som er naturlig ut fra vedkommende sin forskningsprofil.

Stillingen er finansiert via annuum og lagt til fakultetsadministrasjonen.

Minimum 60 % av stillingen er oppgaver som forskerlinjeleder og det anbefales kun utlysning på norsk.

Forslag til vedtak

1. Styret ved Det medisinsk-odontologiske fakultet vedtar å lyse ut en fast stilling som forskerlinjeleder (professor/førsteamanuensis) (60 – 100 %) ved forskerlinjen, ved Det medisinsk-odontologiske fakultet. Stillingen er finansiert via annuum og lagt til fakultetsadministrasjonen. Minimum 60 % av stillingen er som leder av fakultetets forskerlinje, mens resterende del av stillingen vil være som professor/førsteamanuensis knyttet til det instituttet som er naturlig ut fra vedkommende sin forskningsprofil.

2. Dekan får fullmakt til å foreta endringer i samsvar med gjeldende standard for utlysning/stillingsomtale.

Astrid Bårdgard
Fakultetsdirektør

Marianne Bø Larsen
Seksjonsleder rekruttering

06.05.2014 /BEASTØ

Vedlegg:
Utlysningstekst og stillingsomtale

Forskarlineleiar (professor/førsteamanuensis)

Ved Det medisinsk-odontologiske fakultet, er det ledig ei fast 60-100 % stilling som professor/førsteamanuensis. Søkjar må opplyse om kva stillingsprosent som er ynskjeleg. Dersom det ikkje melder seg søkjarar med professorkompetanse, kan det verte aktuelt å tilsetje som førsteamanuensis.

Minimum 60 % av stillinga er oppgåver som forskarlineleiar. Resterande del av stillinga vil vere som professor/førsteamanuensis knytt til det instituttet som er naturleg ut frå den tilsette sin forskingsprofil.

Rekrutteringstiltaket Forskarlina vart etablert for medisinarstudentar i 2002 og frå 2010 vart også odontologistudentane inkludert. Målsetjinga for Forskarlina er at studentane i eit koordinert opplegg mellom forsking og studiar, skal kome tidleg i gang med ein forskarkarriere.

Forskarlineleiar vil ha fagleg og administrativt ansvar for Forskarlina, koordinere forskarutdanninga for forskarlinestudentane og formidle kontakt mellom studentane og dei ulike aktuelle forskingsmiljøa.

Forskarlineleiar vil rapportere til prodekan ved fakultetet. I tillegg til leiar er det ein administrativ og to vitskaplege stillingar knytt til Forskarlina.

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til prodekan Robert Bjerknes, tlf. 55 58 68 51 robert.bjerknes@mofa.uib.no

Kvalifikasjonar

- Cand.med. / cand.odont.
- Norsk ph.d.-grad eller tilsvarande kompetanse.
- Dokumentert vitskapleg kompetanse i samsvar med kompetansekrav for vitskaplege stillingar ved Det medisinsk-odontologiske fakultet.
- Søkjar må kunne dokumentere ein aktiv profil som forskar og bør ha brei erfaring med rettleiing på doktorgradsnivå .
- Interesse for og erfaring i rettleiing av studentprosjekt er ein føremon.
- Pedagogisk basisutdanning er eit krav for stillinga. Den som blir tilsett vil få tilbod om opplæring dersom kravet ikkje er oppfylt før tilsetjing.
- Undervisningsspråket er til vanleg norsk. Søkjarar bør kunne norsk, svensk eller dansk som formidlingsspråk. Det er eit krav at den som blir tilsett, kan undervise på norsk eller eit anna skandinavisk språk innan to år etter tilsetjinga. Kurs vert tilbode.

Me kan tilby

- Eit godt og internasjonalt arbeidsmiljø og spanande arbeidsoppgåver i eit fakultet med fagmiljø som hevdar seg godt nasjonalt og internasjonalt.
- Faglege utfordringar med gode høve for personleg utvikling og kompetanseutvikling.

- Pensjonsordning i Statens pensjonskasse.

Professor vert lønt etter lønssteg 72-75 (kode 1013), førsteamanuensis etter lønssteg 59 -62 (kode 1011/lønsramme 24.3-24.6) ved tilsetjing og vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.

Det vert trekt 2 % pensjonsinnskot til Statens pensjonskasse.
Her kan du lese meir om kva UiB kan tilby: www.uib.no/poa/karriere-ved-uib

Retningsliner
Den som vert tilsett pliktar å ta del i undervising og eksamen etter dei studieordningane som gjeld til kvar tid og til utan godtgjersle å rette seg etter dei endringane som gjennom lov måtte bli vedtekne om fagkrins, pensjonsordning og aldersgrense.

Kvinner vert spesielt oppmoda om å søkje. Dersom dei sakkunnige finn at fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, vil reglane om kjønnskvotering i Personalreglementet for vitskaplege stillingar verte følgde.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnssamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar. Opplysningar om søkjaren kan verte offentleggjorde sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Søknad
Slik søkjer du stillinga:

Send søknad og CV som inneheld fullstending oversikt over tidlegare utdanning og tidlegare arbeid/erfaring, samt vedlegg elektronisk via lenkja «Søk stillingen» på denne sida.
Legg ved:

- søknadsbrev der du skriv noko om din motivasjon for stillinga, kvifor du søkjer og kvifor du passar til denne stillinga
- CV
- vitnemål
- attestar
- fullstendig publikasjonsliste
- liste med vedlegg som dokumenterer dine pedagogiske kvalifikasjonar
- ei liste over vitskapelege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga, med opplysning om kvar dei er offentleggjorde

- vitskapelege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga (maks 15 for professor og maks 10 for førsteamanuensis). Kopier av desse i passande format (pdf) skal følgje med søknaden som vedlegg.

Det er særs viktig at kvart av dei vitskaplege arbeida som det skal takast omsyn til ved vurderinga i sin heilskap vert lasta opp som vedlegg til søknaden.

Søknadane vert sendt elektronisk til den sakkunnige nemnda.

Vi gjer merksam på at søknadar vert vurdert med den informasjonen som ligg føre i Jobbnorge når søknadsfristen går ut. Det er søkjar sitt ansvar at alle relevante vedlegg er lagt ved innan fristen.

Ein viser til "Midlertidige regler om framgangsmåten ved tilsetting i professorater".

Stillingsomtale

Forskarlineleiar (professor/førsteamanuensis)

Ved Det medisinsk-odontologiske fakultet, er det ledig ei fast 60-100 % stilling som professor/førsteamanuensis. Søkjar må opplyse om kva stillingsprosent som er ynskjeleg. Dersom det ikkje melder seg søkjarar med professorkompetanse, kan det verte aktuelt å tilsetje som førsteamanuensis.

Minimum 60 % av stillinga er stilling som forskarlineleiar. Resterande del av stillinga vil vere som professor/førsteamanuensis knytt til det instituttet som er naturleg ut frå den tilsette sin forskingsprofil.

Forskarlina er eit spesialtilbod for ei gruppe lege- og tannlegestudentar (inntil 10%) som har interesse for forsking og som forskar parallelt med studia. Studentane på Forskarlina følgjer eit ordinært lege- eller tannlegestudium. Spesialtilbodet består i at desse studentane i tillegg følgjer ei organisert forskaropplæring og gjer eige forskingsarbeid med skriving av forskingsoppgåve som kan vere starten på ein doktorgrad. Målsettinga er at dette prosjektet skal resultere i minimum ein publikasjon i eit internasjonalt tidsskrift med fagfelle-vurdering.
Forskarlineleiar vil ha det faglege og administrative ansvaret, koordinere forskarutdanninga og formidle kontakt mellom studentane og aktuelle forskingsmiljø.

Lenkje til Forskarlina: http://www.uib.no/mofa/65047/forskerlinjen-ved-det-medisinsk-odontologiske-fakultet

Forsking og forskarutdanning
Den som vert tilsett må kunne dokumentere ein aktiv profil som forskar i det vedkomande skal initiere og drive forskingsrettleiing. I tillegg bør vedkomande ha brei erfaring med rettleiing på doktorgradsnivå, og vere engasjert og interessert i tidleg rekruttering av unge forskarar.

Undervisning
Den som vert tilsett må delta i undervisning av studentar og eksamensarbeid, og ta på seg administrative oppgåver etter dei til kvar tid gjeldande reglar.

Den som vert tilsett må ha pedagogisk basisutdanning, men søkjarar som ikkje fyller dette kravet ved tilsetjinga får tilbod om opplæring og må dokumentere at utdanninga er fullført innan eit år etter dato for tilsetjinga.

Ein viser til dei generelle reglane ved universitetet om at innafor si normale arbeidsplikt og faglege kompetanse kan den som vert tilsett og bli pålagt undervisning, rettleiing og eksamensarbeid utanfor den organisasjonseininga stillinga er knytt til. Den tilsette kan bli pålagt å delta i universitetets styringsorgan, komitear og anna arbeid.

Universitetsstyret understrekar at pedagogiske kvalifikasjonar skal tilleggjast reell vekt ved tilsetjing i vitskaplege mellom- og toppstillingar. Søkjarane må dokumentere

sine eigne pedagogiske kvalifikasjonar.

Dette kan til dømes gjerast ved innsending av:

- prov for gjennomført pedagogisk utdanning
- evalueringsrapportar av søkjaren si undervisning
- oversyn over undervisningsomfang og -nivå
- oversyn over mastergrads- (hovudfags-) og doktorgradsrettleiing og resultat
- mottekne studentprisar
- eigne pedagogiske publikasjonar
- eigne undervisningskompendier og undervisningsmateriell
- rapportar som syner deltaking i prosjekt knytt til utvikling av undervisning, så
- som alternative undervisningsformer, rettleiing eller læringsmiljø

Tilsetjing skjer på grunnlag av vurdering av ei sakkunnig nemnd samt ei sjølvstendig vurdering av tilsetjande myndigheit inkludert intervju og eventuell prøving av dugleik i undervisninga (t.d. gjennom prøveforelesing).